

## Korleis lagar du boka?

1. Print ut boka i liggande format. Det kan vere lurt å bruke litt stive ark eller laminere dei.

2. Bind dei saman. Vi har nokre forslag til korleis du kan gjere det:

Alternativ 1: Ta hol med ei holmaskin øvst på langsida gjennom alle arka. Klipp til to korte hyssingbitar. Stikk kvar hyssingbit gjennom kvart sitt hol, stram litt og knytt til slik at du kan bla rundt og rundt.

Alternativ 2: Bruk ein spiralinnbindar

Alternativ 3: Gjer det på din eigen kreative måte. Målet er at du skal kunne bla i boka og presentere den for barna.

3. Boka er klar til bruk! Sett ho på stasjonen i Bravorunden, eller kos dykk med ho i samlingsstunda. Sjå "Vi lærer om FN" for korleis.



Klipp ut lottobrikkene  
bakerst i boka.



# Nærmiljø og samfunn

## FN

### FN-ord til samtalar denne veka:

**FN** - Ei kortform for De forente nasjoner. På nynorsk seier vi også SN som står for Dei sameinte nasjonane.

**FNs generalforsamling** - Gruppa med menneske som er sendt ut frå dei ulike medlemslanda som skal finne gode løysingar for alle.

**delegat** - Kvart land sender ein person som representerer landet til FNs generalforsamling. Delegat er det same som representant eller utsending.

**forum** - Ein stad eller ei samling med menneske kor ein kan utveksle meiningar.

**resolusjon** - FNs generalforsamling vert samde om reglar og målsetjingar for alle landa. Desse skriv dei ned på eit ark og denne fellesfråsegna vert kalla ein resolusjon. Alle landa må følge reglane dei har vorte samde om.

# FN

## FN-dagen er 24. oktober



**forum**

**medlemsland**

**fred**

**fridom**

menneskerettane

**FN er eit  
forum der 193  
medlemsland kan  
seie si meining.**

**Målet for FN er  
fred og fridom for  
alle menneske.**

**FN har laga nokre  
reglar som heiter  
menneskerettane.**

Der står det at  
alle barn skal få  
seie meinинга si  
og verte høyrd.



**1. Kva er eit forum?**

**2. Kva er FN sitt mål?**

**3. Kva har alle barn rett  
til?**

**å få seie meinинга si  
og verte høyrd**

**ein stad kor  
ein kan seie  
meninga si**

**fred og  
fridom for alle**

**veit ikkje**

**Klipp ut lottobrikkene!**



**FN**

FN-dagen er 24. oktober

**FN**

FN-dagen er 24. oktober